



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/12	Ungdommens kommunestyre	17.04.2012
18/12	Komite for drift	24.04.2012

Uttale til høring - NOU 2011:20 Ungdom, makt og medverknad

Samandrag av saka:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har sendt NOU 2011:20 "Ungdom, makt og medverknad" ut på høring med høringsfrist 7. mai 2012.

Fjell kommune har valt å la ungdommens kommunestyre (UKS) vere høringsinstans. UKS si høringsuttale skal leggjast fram for komité for drift til behandling, før høringsuttala vert sendt vidare til departementet som kommunen si uttale.

Innstilling:

Ungdommens kommunestyre vedtek:

Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell sluttar seg til høringa NOU 2011:20 Ungdom, makt og medverknad.

Komité for drift vedtek:

Komité for drift (KD) sender høringsuttala frå ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell vidare til barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet som uttale frå Fjell kommune.

Straume, den 13.03.2012

Steinar Nesse
Rådmann

Lillian Torsvik
servicetorgsjef

Handsama i Ungdommens kommunestyre - 17.04.2012:

Skulesjef Ellen Hansen var til stades på møtet og orienterte om NOU 2011:20 innanfor skuleområdet. Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell diskuterte høyringa grundig.

UKS vedtok samrøystes innstillinga, men kom i tillegg med framlegg om følgjande kommentarar / endringar som det vart stemt over:

- UKS i Fjell vil styrke demokratiopplæringa i skolen

Framlegget vart samrøystes vedteke.

- UKS i Fjell går inn for å behalde dagens stemmerettsalder for både nasjonale og lokale val

Framlegget vart vedteke med 5 røyster. Mindretalet: 4 røyster.

- UKS i Fjell går inn for lovfesting av ungdomsråd / UKS

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdommens kommunestyre - 17.04.2012:

Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell sluttar seg til høyringa NOU 2011:20 Ungdom, makt og medverknad, med følgjande kommentarar / endringar:

- UKS i Fjell vil styrke demokratiopplæringa i skolen
- UKS i Fjell går inn for å behalde dagens stemmerettsalder for både nasjonale og lokale val
- UKS i Fjell går inn for lovfesting av ungdomsråd / UKS

Handsama i Komite for drift - 24.04.2012:

Komiteen gav ros til ungdommens kommunestyre (UKS) for arbeidet med høyringsuttala.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for drift - 24.04.2012:

Komité for drift (KD) sender høyringsuttala frå ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell vidare til barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet som uttale frå Fjell kommune.

Dokument vedlagt saka:

Høyringsbrev datert 03.02.2012 frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Vurderingar / forslag til tiltak i utredninga

Høyring - NOU 2011:20 Ungdom, makt og medverknad

Saksopplysningar:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har sendt NOU 2011:20 "Ungdom, makt og medverknad" ut på høyring med høyringsfrist 7. mai 2012. Sjølve utredninga er vedlagt som elektronisk lenkje

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/nouer/2011/nou-2011-20.html?id=666389>

Utredninga har ulike vurderingar og forslag til tiltak innan tema som skulens demokratioppdrag (kapittel 3), organisasjonskanalen (kapittel 4), myndigheitsinitierte ordningar for medverknad (kapittel 5), valkanalen (kapittel 6), digitalt medborgarskap (kapittel 7), personvern i nye mediar (kapittel 8), unge under offentleg omsorg (kapittel 9). Jf. eige vedlegg og utdrag i saka.

Fjell kommune har valt å la ungdommens kommunestyre (UKS) vere høyringsinstans. UKS si høyringsuttale skal leggjast fram for komité for drift (KD) til behandling før den sendast vidare til departementet som kommunen si uttale.

Skulesjef Ellen Hansen er spesielt invitert til UKS sitt møte for å kome med eventuelle innspel til NOU'en innanfor skuleområdet. UKS kan diskutere innspela frå skulesjefen for å eventuelt kommentere føreslegne tiltak for skuleområdet, jf. kapittel 3, i høyringsuttala:

- *Utvalget vil styrke demokratiopplæringen i skolen. Utvalget foreslår at det innføres et nytt, bredt demokratifag i grunnskolen, at skolevalg gjøres obligatorisk i videregående skole og at det lages et opplegg med frivillige skolevalg i ungdomsskolen.*
- *Utvalget vil styrke elevenes muligheter til medvirkning i skolen. Utvalget ber myndighetene utrede om elevgrupperåd bør lovfestes, om rett til elevrådsmidler bør forskriftsfestes og om lærere med ansvar for elevråd trenger mer kompetanse om elevmedvirkning. Utvalget foreslår også at det etableres et forsøksprosjekt med regionale lærlingeråd.*
- *Utvalget vil at skolen skal ha en åpen holdning til organisasjoner og politiske partier, og at elevers engasjement utenfor skolen skal anerkjennes. Utvalget ber skolemyndighetene understreke den demokratiske verdien av en åpen skole i læreplanens generelle del. Utvalget går også inn for at elever i videregående skole får rett til 20 dagers fravær, og at tillitsverv og lignende kan gi grunnlag for alternative arbeidskrav i relevante fag.*

Det vil også vere aktuelt for UKS å diskutere føreslegne tiltak innan kapittel 5 om "myndighetsinitierte ordningar for medvirkning", som tek for seg medverknadsorgan som ungdomsråd / ungdommens kommunestyre (UKS). NOU 2011:20 foreslår følgjande framlegg til tiltak for formaliserte medverknadsorgan som ungdomsråd:

1. *Utvalet vil styrke ungdomsråda som innflytelseskana1. Utvalet går inn for at det utarbeidast lovfastsette nasjonale retningslinjer for lokale ungdomsråd. Disse skal omfatte institusjonell forankring, administrativ støtte, aldersavgrensing, valordning og mandat:*

- *Institusjonell forankring; dvs. kommunestyret bør godkjenne samansetninga og rådet bør vere direkte underlagt rådmannen*
- *Administrativ støtte; kommunen bør setje av stor nok administrativ ressurs til ungdomsrådet*
- *Aldersavgrensing; frå ungdomane byrjar i ungdomsskulen til dei fyller 18 år, dvs. øvre aldersgrense på 18 år og berre ungdomar som medlemmer.*
- *Valordning; skulen er utilstrekkeleg som rekrutteringsarena til ungdomsråda. Utvalet anbefalar at skulen, frivillige organisasjonar og fritidsklubber vel eit visst antall medlemmer kvar.*
- *Mandat; verksemda til ungdomsråda må fellast ned i eit standardmandat. Utvalet presiserar at ungdomsrådet bør ha kontakt med ungdomen i kommunen, t.d. gje tilbakemeldingar til dei som har valt medlemene om saker som vert behandla i rådet.*

Utvalet foreslår òg eit statlig tilskot for kommunar som har ungdomsråd som følgjer retningslinjene. Myndighetene må i tillegg vurdere om kommunetilsette med ansvar for ungdomsråd treng kompetanseheving.

2. *Utvalet meiner at ungdomsråd må supplerast med andre ordningar for å sikre at et mangfald av ungdomsstemmer kjem til orde. Utvalet ber myndighetene på alle forvaltningsnivå om å ta i bruk metoden med ekspertgruppemøte. Utvalet går òg inn for ei forsøksordning med regionale ungdomskonferansar.*
3. *Utvalet vil at ungdom skal få relevant og forståeleg informasjon frå myndighetene: Utvalet meiner at tenesta ung.no bør få ein eigen post i statsbudsjettet og at kommunetilsette må få meir kompetanse om nettkommunikasjon med ungdom. Det bør også utarbeidast ungdomsvennlege versjonar av viktige politiske dokument.*

Utvalet sitt fleirtal går elles ikke inn for lovfesting av ungdomsråd. Begrunnelsen er at ungdomsråd vanskelig kan lovfestes og formaliseres på en måte som passer for alle kommuner. Flertallet legger til grunn at kommuner som har valgt ikke å etablere ungdomsråd mest sannsynlig har gode grunner til dette.

I tillegg er utredninga sitt kapittel 6 om valkanalen interessant, der mellom anna stemmerettsalder vert diskutert. Utredninga viser til tidlegare undersøkingar og konklusjonar om å behalde dagens stemmerettsalder, jf. 18 år, men igangsetjing av prøveprosjekt med stemmerett for 16-åringar i nokre kommunar. NOU 2011:20 har ikkje føreslått tiltak for stemmerettsalder, men er samde om tre ulike syn i vurderinga:

- *seks medlemmer går inn for å beholde dagens stemmerettsalder for både nasjonale og lokale valg*
- *fem medlemmer går inn for at stemmerettsalderen senkes til 16 år for begge valg*
- *to medlemmer mener stemmerettsalderen bør senkes til 16 år for lokalvalg, men fortsatt være 18 år for nasjonale valg.*

Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell kan diskutere framlegga til tiltak og vurderingar som utvalet i NOU 2011:20 går inn for. Dersom UKS er samde i høyringa kan UKS slutte seg til høyringa. Dersom UKS er usamd i eller vil kommentere nokre av punktane så kan det takast med i høyringsuttala. T.d. "Ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell sluttar seg til høyringa NOU 2011:20, med følgjande unntak / tillegg:

Komité for drift (KD) får lagt fram UKS si uttale til høyringa, og har høve til å supplere / justere uttala før den sendast vidare til departementet som uttale på vegne av Fjell kommune.

Rådmannen er positiv til tiltaka i høyringa og tilrår å støtte opp om høyringa.

Vurdering:

Ungdommens kommunestyre (UKS) er valt ut som høyringsinstans til høyringa NOU 2011:20 "ungdom, makt og medverknad". Uttala frå UKS vert lagt fram for komité for drift (KD), slik at komiteen får høve til å sjå over og eventuelt justere uttala før den sendast vidare til departementet på vegne av kommunen.

